



Seljord kommune

Kommunalsjef for skule og oppvekst

Til foreldre i barnehage og skule

Endringar frå hausten 2019 i barnehage, SFO og skule

Frå hausten 2019 vil det skje fleire endringar på barnehage- og skuleområdet. Endringane er baserte på vedtak om omlegging til 5-dagars skuleveke, omstillingsprosess med samanslåing av dagens avdelingar og budsjettet til kommunen for 2019.

Dei viktigaste endringane:

- Heddeli og Tussejuv barnehagar blir slått saman til Seljord barnehage
- Flatdal skule, Flatdal barnehage og Åmotsdal barnehage blir slått saman til Flatdal oppvekstsenter
- Seljord barneskule og Seljord ungdomsskule blir slått saman til Seljord barne- og ungdomsskule
- For småskuletrinnet (1-4) blir det innført 5-dagars skuleveke
- Barnehagetilbodet: val mellom 3 eller 5 dagars veke
- SFO-tilbodet: val mellom 3 eller 5 dagars veke, morgon og ettermiddag, eller berre ettermiddagar eller morgonar for 3 eller 5 dagar
- Det blir innført eit nytt tilbod om tilsyn for skuleelevar som får innvilga skyss, i tida mellom skuleslutt og bussavgang.

I tillegg vil det komma endringar i skuleskyss i samband med arbeid på RV36 og i samband med ny veg og tunnel på strekninga Århus - Gvammen. Vi sender ut meir informasjon om dette etter kvart.

Barnehagetilbodet

Frå hausten av vil barnehagetilbodet sjå slik ut:

- Seljord barnehage, avdeling Tussejuv og avdeling Heddeli
- Flatdal oppvekstsenter, avdeling Flatdal barnehage og avdeling Åmotsdal barnehage
- Tilbodet vil vere 3 eller 5 dagars plass.

SFO- tilbodet

Frå hausten vil SFO-tilbodet sjå slik ut:

- Full plass: 5 morgonar og 5 ettermiddagar
- 3 morgonar og 3 ettermiddagar
- Morgonplass – 3 eller 5 morgonar
- Ettermiddagsplass: 3 eller 5 ettermiddagar

Skyss og tilsyn

Det vil bli ordinær skyss om morgonen og etter felles skuleslutt for alle elevane. Det betyr at for elevar på småskuletrinnet vil det bli noko venting for dei som skal ha skyss. Rett til skuleskyss er ein individuell rett som blir tildelt av fylkeskommunen etter gitte kriterium (mellom anna meir enn 4 km skuleveg).

For dei som får innvilga skyss vil skulen tilby eit tilsynstilbod som vi kallar Blåtimen. Dette er i utgangspunktet eit reint tilsynstilbod, men skulane vil her tilby leksehjelp (2 eller 4 dagar), leik og andre aktivitetar. Tilsynstilbodet vil vere gratis. Kulturskulen vil prøve å tilpasse undervisninga slik at flest mogleg kan få undervisninga si i denne tida. Kulturskulen vil òg kome med andre tilbod til elevane i denne tida. Påmelding til tilsynstilbodet vil gå ut frå skulen når skyssstilbodet er avklart.

Dei som ikkje har rett til skyss vel vanleg SFO-plass.

Flatdal oppvekstsenter, skuleveke for 1. – 4. trinn og SFO

	M	T	O	T	F
07.30-08.40	SFO	SFO	SFO	SFO	SFO
08.40-09.25	Fag	Fag	Fag	Fag	Fag
09.25-10.10	Fag	Fag	Fag	Fag	Fag
10.10-10.35	FRUKTFRIMINUTT, 25min				
10.35-11.20	Fag	Fag	Fag	Fag	Fag
11.20-12.05	Fag	Fag	Fag	Fag	Fag
12.05-12.25	LUNSJ				
12.25-12.50	MATFRIMINUTT, 25min				
12.50-13.15	Fag (Uteskule/symjing)	Fag	Fag	Fag	Fag
13.15-14.10	Fag (Uteskule/symjing)	SFO	Tilsyn/Blåtime	SFO	Tilsyn/Blåtime
14.10	Skuledagen og «blåtimen» er over.				
14.10-16.30	SFO	SFO	SFO	SFO	SFO

Flatdal skule ynskjer å tilby elevane dagar med variasjon og glede. Leik og læring hand i hand. Faglege timar med mykje aktivitet og undring, gode rutinar og tryggleik for elevane. «Blåtimen» vil gje elevane moglegheit til å gjere ferdig lekser med god støtte frå lærarar. Då kan ettermiddagane i heimen også bli rolegare. Elevane vil få kople av og kose seg med lydbok, samtidig som det vil gje dei større fantasievne og eit rikare ordforråd. Dei vil også få høve til å lære seg nye leikar og ha det moro saman, noko som knyter sterke band og styrker det inkluderande læringsmiljøet ved skulen.

Skuledagen med friminutt varer for 1.-4.klasse frå klokka 08.40-13.15, tysdag til fredag, medan måndagar blir frå 08.40-14.10, der siste del av dagen inneheld praktiske fag.

Blåtimen vil kome etter matfriminutt og ein kort fagtime. Det er lagt opp til stasjonar i timen frå 13.15-14.10, 15-25 minutt på kvar stasjon før dei må pakke sekken og gjere seg klar til dra heim. Fredag blir ein annleis dag frå klokka 13.15-14.10. Då tilbyr me aktivitetar med idrettslaget/idrettsstudentar, eller musikkaktivitetar for ungene.

Seljord barne- og ungdomsskule, skuleveke for 1. – 4. trinn og SFO

	M		T		O		T		F	
07.30-08.10	SFO		SFO		SFO		SFO		SFO	
08.10-09.35	Fag		Fag		Fag		Fag		Fag	
09.35-10.00	Friminutt									
10.00- 11.35	Fag		Fag		Fag		Fag		Fag	
11.25-11.45	Mat									
11.45-12.20	Friminutt									
12.20-12.56	Fag		Fag		Fag		Fag		Fag	
12.56- 13.50	SFO	Tilsyn/Blåtime	SFO	Tilsyn/Blåtime	SFO	Tilsyn/Blåtime	SFO	Tilsyn/Blåtime	SFO	Tilsyn/Blåtime
13.50-14.00	Skuledagen og «blåtime» er over.									
13.50-16.30	SFO		SFO		SFO		SFO		SFO	

Når skulane går over til 5-dagars skule frå hausten 2019, vil SFO ved barneskulen starte klokka 13, og ikkje 13.50 som no.

Det vil gje oss betre tid saman, og gir ungane ein betre mogelegheit til felles lek og sosial samhandling. Det vil som no bli leksehjelp for dei som melder seg på, og vi får betre tid til å gi ungane sunn og variert mat kvar dag. Ungane kan sjølv vere med på å lage i stand måltidene i tråd med Liv og røre-prosjektet som kommunen skal vere med på.

Seljord kommune går inn i ei spennande tid med fleire endringar som skal komma på plass. Sjølv om det vil bli nokre innskrenkingar i valmoglegheit på enkelte tilbod, trur vi at gevinsten med å nytte ressursane våre best mogleg vil kome barn og unge til gode. Samanslåingsprosessane for barnehage og skule skal ferdigstillast hausten 2019, og allereie ved oppstart etter ferien vil barn, unge og føresette møte "nye" felles einingar og felles leiing. Vi har tru på at dette blir gode løysingar for innbyggjarane i Seljord i tida framover. Alle barnehagar og skular held på eksisterande namn fram til hausten, slik det går fram i søknadsskjema og anna informasjon.

Seljord, 18. mars 2019

Even Fossum Svendsen
Kommunalsjef

Tone Bøhn
Pedagogisk konsulent